



Medlem og varamedlem i eldrerådet – Åshild og Knut Sjøwall. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**To uskedelinger som har vore eldsjelar på fleire frontar gjennom livet, Åshild og Knut Sjøwall, har fått ei ny og interessant oppgåve. Åshild er vald til medlem av eldrerådet i Kvinnherad kommune og han til varamedlem – begge for perioden 2007/2011. Åshild er også vald til nestleiar.**

Valet fann stad i formannskapet og det nye rådet har enno ikkje hatt det første møtet sitt. Magnus Normann frå Husnes er leiar og Marit Stordale frå Ølve, Erling Boland frå Hatlestrand og Torvald Vetlækre frå Løfallstrand er dei øvrige medlemene. Boland er den einaste av dei fem i rådet som er politisk vald. Sverre Vevelstad i kommune-administrasjonen er utpeika som sekretær for rådet. Han avløyser Asbjørn Skår i denne funksjonen.

- Vi skal møtast snart og drøfta framdrift og aktivitet framover. Eldrrådet skal gje uttale om alle saker som skalopp i kommunen og som angår dei eldre i kommunen. Men sjølvstøtt kan rådet av eiga drift også ta opp til drøfting andre spørsmål, seier sekretær Vevelstad til uskedalen.no.
- Har eldrerådet i Kvinnherad tradisjonelt vore eit aktivt råd ?
-

- Det har eg liten oversikt over, men eg har inntrykk av at det samanlikna med den nyleg avslutta perioden varoftare møte i rådet då den tidlegara ordførar Berge Seberg sat i leiinga.

Av Ola Matti Mathisen